



Ola Matti Mathisen er ein av 12 uskedelingar som i desse dagar mottek blomehelsing frå Uskedal Helselag.

Uskedal Helselag held på ein 60 år gamal førjulstradisjon med å gje pakkar og blomar til dei som treng det ekstra i jula. Det gjeld alle heimebuande i Uskedal over 90 år, til alle frå bygda som bur på aldersheim og ikkje minst 50 pakkar til Valen sjukehus. Det heile starta ein gong på 1960 talet og har etter det vore eit årvisst sosialt tiltak.

I år vart det blom til 11 heimebuande over 90 år. Ny i denne gruppa i år er Signe Eidsvik. Ho sette stor pris på å få besøk i førjula av ein medlem i helselaget. 12 blomar gjekk til uskedelingar som bur på ein av alders- og sjukeheimane Rosendal, Husnes, Halsnøy og Ølve. I år var det ingen til Varaldsøy.

Nye retningslinjer for personvern gjer at ein må ha løyve frå pårørande for personleg overlevering. Dersom ikkje det let seg gjera vert blomehelsinga gjort av personale i sonene.

Uskedalen.no fekk med sjølvsyn sjå verdien med ei blome- og korthelsing i adventstida. Tidlegare redaktør, Ola Matti Mathisen, på avdelingen Laurdal på Rosendalstunet syner stolt fram blomen frå Uskedal helselag. Bak på julekortet står det: ***Til Ola Matti med helsing om ei fin førjulstid og ei velsigna god julehøgtid.***

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Uskedal helselag/Kristian Bringedal



Medlemer i Uskedal Helselag lagar 50 pakkar til Valen sjukehus og gjer klar over 20 blomar til heimebuande over 90 år og til uskedleingar på aldersheim.